

Arkivsak-dok. 16/00431-13
Saksbehandlar Viel Ribberud

Saksgang
Kommunestyret

ENDRING AV LOKAL FORSKRIFT OM HUNDEHALD - UTVIDING AV BANDTVANGSTIDA FOR HUND I HEMSEDAL.

Saka vert avgjort av:

Hemsedal kommunestyret etter innstilling frå Hemsedal Vilt- og innlandsfiskenemnd.

Vedlegg:

Brev frå Sau og Geit
Brev frå Hemsedal Utmarksservice
Sak i vilt- og innlandsfiskenemnda
Høyringsuttaler
Rapport for tilsyn med beitedyr i utmark 2013, 2014 og 2015

Dokument i saka:

Alle dokument ligg på arkivsak nr: 16/00431

Saksopplysningar:

Hemsedal kommune fekk i februar/ mars 2016 brev frå Hemsedal sankelag/Hemsedal sau- og geitealslag og Hemsedal Utmarksservice (HUS) med ynskje om revidering og innstramming av lokal forskrift om hundehald. Bakgrunnen for førespurnaden frå sau- og geit er at det dei siste åra har vore fleire saker der sau har vorte uroa, skada og drept av hund på innmarksbeite etter at dei er sankt inn om hausten. Mykje sau i Hemsedal går på innmarksbeite store delar av oktober, og nokre få som enno ikkje er funne og tatt heim går att i utmarka. Slik lokal forskrift er i dag med bandtvang til og med 30. september er laushund eit problem utover hausten. Det er serleg i haustferien, men også elles utover hausten. På bakgrunn av dette vart det vedteke på årsmøte i Hemsedal sau- og geit / Hemsedal sankelag å søke om å utvide tida med bandtvang til 1. november for å få redusert desse episodane.

Frå Hemsedal Utmarksservice var det ynskje om bandtvang i alle maskinpreparerte løyper heile sesongen. Dei hadde opplista mange moment som bakgrunn for ynskje om endring, og det vert vist til deira brev som ligg vedlagt.

Kommunen drøfta innspela frå landbruksnæringa og Hemsedal Utmarksservice i sak til Vilt- og innlandsfiskenemnda som la endringa ut på høyring. Det vert vist til saka som ligg vedlagt.

Vilt- og innlandsfiskeremnda la så forskriftsendringa ut på høyring med høyringsfrist 10. juni.
Høyringssaka vart sendt:

- ✓ Hallingdalskommunane
- ✓ Gol og Hemsedal bonde- og småbrukarlag
- ✓ Hemsedal bondelag
- ✓ Lokalt skogutval(Hemsedal)
- ✓ Hemsedal jegerforening
- ✓ Hemsedal elgvald BA,
- ✓ Hemsedal sankelag,
- ✓ Hemsedal sau- og geitealslag,
- ✓ Hemsedal Turistkontor – Destinasjon Hemsedal
- ✓ Hemsedal Utmarkservice
- ✓ Hemsedal skiforening
- ✓ Norsk Kennelklubb Buskerud.

I tillegg var vedtektsendringa annonsert på nettsida til Hemsedal kommune.

Det har kome inn 6 høyringsuttaler til forslaget. Desse ligg som vedlegg til saka. I underpunktet vurdering er dei enkelte høyringsuttalene drøfta.

Sakshandsamar har også på telefon vore i kontakt med politimester Britt Fyksen, og orientert om problemstillinga kring laushund og beitedyr og ynskje om utviding av tida med bandtvang til også å gjelde oktober om hausten. Politiet hadde ingen merknad til denne endringa og ynskje å bli orientert om endeleg forskrift.

Med bakgrunn i saka og høyringsuttalene skal Vilt- og innlandsfiskeremnda ha saka opp til innstillande behandling til kommunestyre som gjer vedtak om eventuell forskriftsendring.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Vilt- og innlandsfiskeremnda la ut «Lokal forskrift om hundehald» på høyring med fylgjande endringar:

- Bandtvang for hund med omsyn til bufe vert utvida med ein måned om hausten til og med 31. oktober.
- Det vert bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper heile sesongen.
- I Hemsedal kan jakthund sleppast frå 10. sept. når den skal brukast til jakt. (i gjeldande forskrift kan jakthund sleppast frå 20. august)

Det har kome inn fylgjande uttaler i høringsperioden:

Justis- og Beredskapsdepartementet skriv i sitt brev av 19.05.2016 til Hemsedal kommune:
(Forslag til endringar i «Lokal forskrift om hundehald» vart sendt på høyring til beredskap- og Justisdepartementet av skogbrukssjef for å få ei kvalitetssikring i forhold til dei forskriftsendringane kommunen la opp til).

Justis- og beredskapsdepartementet foretek ikkje lovlegheitskontroll med kommunale forskrifter etter hundeloven. Dei har derfor ikkje vurdert utkastet som dei har fått tilsendt, men vil på generelt grunnlag bemerke enkelte forhold som har relevans for kommunen sitt vidare arbeid med forskrifta.

- *Utvida bandtvang i skiløyper etter hundeloven §6 andre ledd bokstav c må følgje retningslinjene som er angitt i §6 tredje ledd. Omsynet til dei som ynskjer å ferdast med hund skal ivaretas i tilstrekkeleg grad både etter omfang og geografisk spredning. Det er derfor ikkje adgang til å fastsetja ein generell bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper heile sesongen.*
- *Det er med bakgrunn i hundeloven §§9 og 6 ikkje anledning til å fastsetja bandtvang for jakthundar utover 20. august med grunnlaget i omsynet til beitande dyr.*

Kommunen sin kommentar:

- Utviding av bandtvang for jakthund frå 20. august til 10 sept. vert teke ut av forskrifta.
- § 3, bandtvang i område av omsyn til menneske.
Forslaget «Det er bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper heile sesongen» vert endra til:
 - Det er bandtvang heile sesongen i lysløypene på Gravset og i skianlegget i Totteskogen.
 - Det er vidare bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper i juleferien frå 24. desember til 2. januar, i påskeferien frå skjærtorsdag til og med 2. påskedag og i vinterferien veke 8, 9 og 10.

Høringsuttale fra Tor Hjalmar Knutsen, Grøndalen:

Knutsen er busett i Grøndalen og nyttar dette området og Vavatn/Harahorn området mykje på tur med hund. Hans uttale går på:

§2 Utvida bandtvang av omsyn til dyr på beite:

Sau med bitemerker i skinnen kan godt ha fått merkene i periodar med bandtvang med bakgrunn i at ikkje alle respekterer bandtvangen. I oktober 2015 vart det ikkje observert sau ved Vavatn på 21 turar i området. Sauen var da truleg sankt ned frå fjellet. Dette tyder på at utviding av bandtvangen ikkje vil hjelpe problemet då bitemerkene med stor sansynlegheit er

påført sauene tidlegare på sumaren. Knutsen spør om det kan vera ei mogeleg løysing å innføre bandtvang i dalen og ikkje i fjellet i oktober.

§3 Bandtvang i preparerte skiløyper i kommunen:

I uttalen er Hemsedal utmarkservice sin bakgrunn for ynskje om endring kommentert punkt for punkt. Dette vert kort oppsummert under.

- Ulike reglar der løypene kryssar kommunegrenser – *kvifor er det Hemsedal og ikkje Ål som skal tilpasse seg ?*
- Trafikken i skiløypene har auka, fleire folk og fleire hundar, nokon hundar i band og nokon som går fritt skaper konflikt hundeeigarane i mellom – *har sjølv hund og har aldri følt på eller hørt om dette problemet.*
- Auka trafikk fører til fleire episodar der laus hund er til sjenanse for ungar eller andre som ikkje likar hund – *er også ei ukjent problemstilling. Hund i band i løypa kjem tettare på andre skiløparar, og hund i band er oftare aggressive overfor andre hundar enn ein hund som får helse når den går laus.*
- Lause hundar øydelegg preparerte spor – *ved å innføre bandtvang vil alle hundar tvingast inn i sporet og problemet med øydelegging av spor vil auke betrakteleg. Vil ein på sikt ha skiløparar med hund bort frå preparerte løyper ?*
- Utmarksservice meiner dagens reglar er for kompliserte, kva er høgjellsløype og kvar går grensene mellom dal-løyper og høgjellsløypene utan bandtvang – *Ved innføring av bandtvang i høgjellsløypene oppstår eit nytt problem. Kva avstand må ein skiløpar ha til løypa før ein kan sleppe hunden fri ?*
- Gjeldande forskrift er nærmast umogleg å kontrollere/føre oppsyn med. Ny forskrift vil vera enklare – *Ny forskrift vil redusere kvaliteten for hundeeigaren og for hunden. Det vil også bli vanskelegare å vite kvar eg kan gå med hunden laus og når den må vera i band.*

Knutsen sumerar opp med at han som brukar naturen mykje treffer lite folk i fjellet og i løypene bortsett frå nokre veker om vinteren og i påsken. Løypenettet Harahorn / Vavatn er ikkje kopla saman med andre løypenett og har ikkje problemstillinga med at delar av sporet har andre reglar for ferdsel med hund. Det er urimeleg at ein når ein er på tur heilt aleine i fjellet må gå med hunden i band. Dette handlar også om dyrevelferd for hundane. Det er urimelig at hundeeigarar busett i kommunen skal få begrensa tilgang på områder der hunden kan springe fritt. Skjerpa bandtvang begrensar hundeeigaren sine rettar i forhold til Allemannsretten.

Kommunen sin kommentar:

§2: Sauene bør og skal normalt vera sankt ned frå fjellet den 1. oktober. Likevel, det å skilje mellom bandtvang nede i bygda og på høgjellet er svært vanskeleg i praksis. Bygda er stor og kvar går grensa mellom dal og høgjell i dei ulike områda? Dette vil gje uklare grenser mellom område med bandtvang og område der hunden kan gå fritt, og bli vanskeleg å forhalde seg til for både hund, hundeeigar og vera vanskelege å handheve.

§3: Det vert vist til uttala frå Justis- og beredskapsdepartementet, og det vert lagt opp til ei tydeleg forskrift som er klar i forhold til handheving. Løysinga er ei avveging mellom å ta omsyn til menneska i løyper i dei periodane det er mykje folk i skiløypenettet, men opnar opp for laus hund i delar av løypenettet i stillare periodar.

Uttale frå leiar i Hemsedal bondelag, Olav Huso:

Bondelaget skriv at dei meiner det utifrå episodane som har vore er rett å utvide bandtvangen til 31. oktober på hausten.

Kommunen sin kommentar: Kommunen tilrår denne forskriftsendringa.

Uttale frå leiar i Grøndalen grunneigarlag og privatperson Arild Grøndalen:

Uttala startar med at den har ingen større innvendingar til skjerping av bandtvangreglane, men det bør stillast større krav til saueeigarane. Dette med bakgrunn i endringar i sauehaldet med større bruk, transport inn i fjellet – sauene finn i mindre grad heim sjølv, utleige av sauebeite og sein sank. Konkret eksempel med nabosameige som leiger bort beiterett, sauene spreiar seg over store område og sauene er ikkje ute av området før i slutten av oktober. Dette fører til uro i fjellet med saueleitarar i allfall kvar helg, og store areal som blir lite jaktbare. Grøndalen oppmodar derfor til større innsats på tidleg sauesank.

Kommunen sin kommentar:

Hovudsaken på sau i Hemsedal er kring 20 sept. og etter dette vil hovuddelen av sauene vera ute av fjellet. Det er likevel ikkje til å unngå at det er dyr som ikkje er funne, og at det av dyrevelferdsmessige årsakar vil vera leiteaktivitet i fjellområda utover hausten.

Uttale frå Ole Nils Aalrust:

Uttala omtalar at det med heimel i Hundelova §9 ikkje er lov til å innskrenke bandtvang for hund i bruk til jakt, jamfør Hundelova §6. Foreslått endring: «I Hemsedal kommune kan jakthund sleppast frå 10. sept. når den vert brukt til jakt» må derfor slettast.

Kommunen sin kommentar: Denne innskerpinga av hundelova vart foreslått tatt inn i møte i vilt- og innlandsfiskeremnda. Endringa vert teke ut då det ikkje er lovheimel til å stramme inn på dette.

Uttale frå Steinar Bleken:

Bleken skriv i si uttale at han ynskjer å balansere argumentasjonen før behandling i vilt- og innlandsfiskeremnda. Den foreslåtte forskrifta tek ikkje omsyn til dei som ynskjer å ha hunden laus slik Hundelova § 6 siste ledd krev. Heimelsparagrafane gir tydeleg krav om at retten til kommunale begrensingar gjeld for bestemte område eller til der dyr faktisk beitast og ikkje innanfor kommunen sine grenser generelt.

Som hundehaldar ser ein at det er viktig at hunden får moglegheit til fri bevegelse og omgang / sosialisering med andre hundar i fri utfoldelse utan band. Eit hundejorde kunne i nokon grad avhjelpet dette. Kommunen må ta omsyn til alle innbyggjarar og tilreisande også dei som er hundeeigarar. Bleken ser klart alvorleg i enkelte hendingar, men meiner ikkje at enkelt hendingar skal føre til generell utforming av forskrifter.

Steinar Bleken viser vidare til hundelova og påpeikar at §§ 3 og 4 i lova gjeld hund og hundeeigar som enkeltindivid, og at dette ikkje gir heimel til å innføre generell bandtvang. Det vert trekt fram at episodane kring skader på bufe er sterkt beklageleg, men det er ikkje dokumentert at det er ein auke, men graden av auke er ikkje omtala, og heller ikkje om det er ein trend eller om det er stor variasjon frå år til år. Å innføre generell bandtvang i heile

kommunen i oktober er ikkje målretta til der dyr faktisk beitlar. Om det er på innmarksbeite er dette området definert og relativt avgrensa.

Vedkomande bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper heile sesongen vert det påpeika at det er manglande heimel for å innføre dette.

Når det gjeld definisjonar som høggjellsløyper og vinterferie som er vanskeleg å forhalde seg til og halde oppsyn med så er dette ikkje grunnlag for å innføre generell bandtvang. Heller ikkje at vi skal tilpasse oss forskriftene i nabokommunen, Ål kommune, då vi har mykje lenger felles grense med Gol kommune som har lokal forskrift lik den Hemsedal kommune har i dag. Auka trafikk i skiløypene, konflikt hundeeigarar imellom og at hunden øydelegg nypreparerte spor er heller ikkje grunnlag for å innføre generell bandtvang.

Bleken konkluderer med at han ber om at den føreslåtte lokale forskrifta ikkje vert innført, og at eventuelle endringar vert avgrensa til det det er heimelsgrunnlag for. Han henstiller også kommunen om at det vert oppretta ein hundegard der hundar kan bevege seg fritt i perioden med bandtvang. Denne bør vera på om lag 5 daa og relativt sentralt plassert.

Kommunen sin kommentar:

Det å avgrense den utvida bandtvangen i forhold til beitande husdyr til der dyr faktisk beitlar er vanskeleg. Så lenge dyra er på utmarksbeite er det beiteområde med ulik dyretettleik i det meste av kommunen. Og om det er opphald og ikkje beitedyr i ein periode vert beiter /beiterettar bortleigd og det kjem dyr inn i området igjen. Å avgrense bandtvangen til områder med innmarksbeiter vert og vanskeleg å forhalde seg til då bruken av desse heller ikkje er statisk, og at ein då må vera kjentmann for å vite kvar innmarksbeitene og beitedyra er. Å utvide bandtvangen til ut oktober for heile kommunen vil vera enklast å forhalde seg til både for hundeeigaren og dei som skal handheve regelverket. Det vil også ta vare på dei dyra går igjen i utmarka og ikkje er funne.

I forhold til spørsmålet om det er einskildepisodar, om det er enkeltindivid/geografisk spreiding, og om det er eit aukande problem tok kommunen kontakt med Hemsedal sankelag og etterspurte meir dokumentasjon kring utviklinga med uheldige episodar mellom hund og beitedyr. Som dokumentasjon ligg Sankelaget sin rapport til Fylkesmannen for dei siste 3 åra 2013, 2014 og 2015. Dette er ein rapport sankelaget sender til fylkesmannen med oppsummering av beitesesongen. Det er alle tre åra kommentert at det er eit aukande problem med hundejaging / laushund. I 2013 var minst 10 dyr mista på grunn av laushund. I 2014 og 2015 er også laushund registrert som ein viktig årsak til tap. I 2015 vart det jo også ein kjent episode med sau på innmark der det vart sprengt 8 sauer som måtte avlivast med bakgrunn i jaging av laushund.

Vedkomande bandtvang i skiløyper viser kommunen til endringa i forskrift som vert foreslått innført. Her vil det vera bandtvang i lysløyper og dei mest brukte treningsløypene, men resten av løypenettet vil berre ha bandtvang i feriar då det er mest folk på ski.

I forhold til å etablere ein hundegard i kommunen er det teke initiativ til kommunen i forhold til eit ynskje om dette. Det er ikkje kome fram til konkret plassering eller grunneigaravtale i forhold til dette.

Vurdering med bakgrunn i høyringsuttaler og lovverk:

Formålet med at Hundelova § 6 gir moglegheit til utfyllande forskriftsheimlar til kommunane, er å opne for lokalt tilpassa reglar om bandtvang gitt av eit direkte demokratisk styrt organ. Bandtvang er det mest restriktive normale sikringsmiddel for hund, og i forarbeida til lova står det at departementet ikkje ynskjer å gå inn for nasjonale bandtvang reglar i større utstrekning enn det vurderte behovet over heile landet tilseier.

§6 gir då kommunane moglegheit til å krevje hundar sikra i band ved utvida bandtvang i område der det bur folk, mykje folk ferdast, eller område som tener som særlege rekreasjonsområde for menneske, samt område der det er behov for å trygge bufe / vilt. Konfliktpotensialet med laus hund kan vera særleg klart i slike område, og omsynet til hunden og hundehaldaren bør vike dersom lokale vurderingar tilseier det.

Sakshandsamar har sett på ein del av kommunane rundt oss i forhold til lokal forskrift om bandtvang:

Sogndal: Hundar skal haldast i band og under forsvarleg oppsyn frå 1 april til 1. november. Ingen restriksjonar i skiløypenettet.

Lærdal kommune: Utvida bandtvang frå 1. april til 1. november. Skiløyper ingen restriksjonar.

Eidfjord kommune: Utvida bandtvang på utmarksbeite fom. 21. august tom 1. desember. Innmarksbeite heile året. Skiløyper ingen restriksjonar.

Hol kommune: Utvida bandtvang frå 21. august til 31. oktober, samt fom. 20. februar tom. 5 mars, juleferie og påskeferie.

Ål kommune: Utvida bandtvang av omsyn til beitande husdyr frå 21. august til og med 31. oktober. Bandtvang i alle maskinpreparerte løyper heile sesongen.

Gol kommune: Utvida bandtvang frå 21. august til og med 30. september. Bandtvang i alle tråkkemaskinpreparerte skiløyper 24. desember til 1. januar, vinterferien og f.o.m. palmesundag t.o.m. 2. påskedag.

Vestre Slidre kommune: Utvida bandtvang frå 21. august til 10. oktober. Bandtvang heile sesongen i lysløyper og 10 km løype på Vaset.

Øystre Slidre kommune: Utvida bandtvang frå 21. august til og med 30. september. Bandtvang i alle lysløyper og 5-6 definerte løyper på Beitostølen.

Vang kommune: Utvida bandtvang frå 1. april til 10. oktober. Skiløyper ingen restriksjonar.

Sør Aurdal kommune: Utvida bandtvang fom. 21. august tom. 30. september. Bandtvang i alle lysløyper, og andre preparerte løyper fom. 20. februar tom. 5 mars og laurdag før palmesøndag tom. 2. påskedag

Nord Aurdal: Utvida bandtvang fom. 21. august tom. 30 september. Bandtvang i definerte maskinpreparerte løyper.

Trysil: Ingen lokal forskrift.

I Odelstingsproposisjonen til hundelova er det gjort ein del betraktningar kring problemstillinga med bandtvang og innføring av ekstraordinær bandtvang. Sakshandsamar har forsøkt å plukke litt ut frå kapittel 9 «Sikring av hund» for å belyse bakgrunnen for nokon av vurderingane som er gjort i forkant av innføringa av lova:

«Hunder gir trivsel, vennskap og sosial kontakt for dem som har dem. Mange barnefamilier har hund, men også barnløse, enslige og par, gamle og unge. For de aller fleste som har hund er omgangen med hund svært positivt, og gir glede og hygge i hverdagen. Mange ser på hunden som et familiemedlem.

Den største delen av Norsk hundehold anses å være uproblematisk i forhold til omgivelsene. De fleste som har hund, står trolig for et hundehold der det tas rimelig hensyn til andre mennesker, husdyrhold, vilt og miljø. Fordi hundeholdet er en naturlig del av samfunnslivet i dag må omgivelsene samtidig tåle en viss ulempe fra

hundeholdet. Ikke alle ulemper er av en slik karakter og størrelse at det er naturlig at de blir omfattet av lovgivning, det er med andre ord en tålegrense.

Som det fremgår foran under punkt 2.3 har noen kommuner i politivedtekter fastsatt båndtvang for alle vanlige hunder hele året på alle steder som er alminnelig beferdet eller bestemt for alminnelig ferdsel, herunder på stier i skog, fjell og utmark m.m. Man må anta at folk i praksis vil regne med at politiet viser atskillig kulanse ved håndhevingen av en slik vid og generell påbudsregel, som politiet heller ikke har praktiske muligheter for å håndheve noenlunde effektivt. Langt på vei må man regne med at folk – iallfall de som har hund – da kan komme til å se på regelbrudd som normalt og akseptabelt. Reglens manglende nyansering undergraver på denne måten deres normgivende effekt. Altfor absolutte påbud om båndtvang kan altså være til skade for de hensyn som i større og mindre grad i ulike situasjoner begrunner regler om sikring av hund, og kan gi dårligere total virkning enn mindre omfattende påbud. Departementet antar at regler om sikring av hund vil ha størst normgivende effekt og bli mest etterlevd hvis de ikke for restriktivt stenger for å slippe hunden lovlige.

Generelt er det ønskelig at hunder skal kunne være løse der det er forsvarlig i forhold til andre interesser, siden hunder har godt av å få være løse iblant og få løpe endel dersom de ikke får ønskelig stimulering på annen måte. Departementet antar at normalt stimulerte, godt og riktig behandlede og sosialiserte hunder sjelden utvikler seg til problematiske hunder. Men dette tar utgangspunkt i en alminnelig regel om at hunder bare kan være løse når de blir fulgt på aktsom måte.

I forhold til husdyrhold er nok hundehold i dag mer utbredt enn tidligere, men i lys av det naturlige instinkt for å jage andre dyr som hunder kan ha, anser departementet det mest rimelig at det er hundeholdet som om nødvendig må tilpasse seg husdyrholdet. Når den nasjonale båndtvangstiden ikke settes lengre enn til 20. august, jf. utk. § 6 første ledd, blir det behov for å kunne supplere den med kommunale forskrifter om båndtvang. Departementet foreslår å videreføre en hjemmel for kommunen til å gi forskrift om båndtvang av hensyn til bufe ut over den nasjonale båndtvangstiden som foreslås i § 6 første ledd. En slik forskrift betyr at hundeholdet må tilpasse seg til husdyrholdet.

Når det gjelder utformingen av denne forskriftshjemmelen, slutter departementet seg til synspunktet fra bl.a. fylkesmannen i Hedmark om at folk bør få vite nøyaktig når og hvor båndtvang gjelder. Departementet slutter seg også til Selbu og Tydal lensmannsdistrikt og Voss kommune om at hester bør omfattes. Det finnes endel kommuner hvor både hundehold og hestehold er omfattende. Forskriftshjemmelen bør gjelde «i hele eller deler av kommunen i bestemt angitt tidsrom når storfe, sau, geit eller hest normalt går ute», jf. utk. § 6 annet ledd bokstav e. Hvis ikke en kommunal forskrift om dette har begrenset sitt stedlige virkeområde, vil den gjelde både for innmark og utmark, og uavhengig av eiendoms- og beiterettsforhold. Forskriften kan bare gjelde for et angitt tidsrom av året som høyst kan være den tid da bufeet normalt går ute. Selv om en slik forskrift vil være mest aktuell for den tiden som dyrene beiter i utmark, kan den også omfatte det tidsrom hvor de normalt går ute på innmark.

Det bør være opp til kommunen å vurdere om forholdene er slik at eventuell båndtvang bør gjelde hele eller deler av kommunen, og i tilfelle hvilke deler av kommunen, samt om båndtvangen skal begrenses til utmarkssesongen. Behovene kan variere fra kommune til kommune, avhengig av bl.a. beliggenhet, mengden beitedyr og hester, utbredelsen av hundeholdet og hvilke hensyn hundeholderne tar uten så klare begrensende regler som ubetinget båndtvang gir. Ved vurderingen bør kommunen ta i betraktning at det etter lovutkastet for øvrig kreves at hundeholderne opptreer forebyggende, jf. særlig utk. §§ 3 og 4 første ledd.

Departementet vil generelt anbefale at forskriftene utformes så presist som mulig slik at det blir minst mulig rom for diskusjon om hvor båndtvang gjelder.»

I høyringsuttalene til revidering av lokal forskrift vert det etterspurte meir informasjon kring problema med laushund og bufe.

Bandtvang og reglane for bandtvang har vorte sett fokus på i Hemsedal, særskilt på haustparten dei siste åra då det har vore fleire tilfelle av at laushund har gjort skade på sau. Eit av dei verste tilfelle var hausten 2015 då laushund sprengte 8 sau på innmark, der 1 døde på staden og resten måtte avlivast dagane etter hendinga. Det har også vore meldingar til landbruksforvaltninga om mange tilfelle av at heimsanka sau etter klipping avslører

bitemerke og hol i huden etter bitt /napping av hund. Det er i ein besetning oppgjeve bitemerke i 4 av 20 stk i ein e-post til kommunen kring problemstillinga. Dette gir ein svært høg prosent og svært mange uhaldbare episodar. Sist kjente hending i utmark (dato i dag er 19. august) var 14. august der sau vart drepen av laushund. Det er også statistikk som syner at hundehaldet er aukande og at stadig fleira har hund som kjeledyr. Dette har mange positive sider, men det er ein føresetnad at eigaren har kontroll over hunden sin når situasjonar oppstår.

I samband med at tal hendingar med bufe og hund har vore aukande dei siste åra er dette teke tak i på fleire område. Næringa har laga plan for ny og oppdatering av skilting med opplysningar om bandtvang på mykje brukte stigar i kommunen, og 40 nye skilt med informasjon om bandtvang vert utplassert av næringa i etterkant av at denne saka er avgjort. Det er også nokre år sidan kommunen har hatt utmarksoppsyn. Dette er det sett fokus på, og ny tilsett ved Hemsedal Utmarksservice som skal ha full stilling i sumarmånadene har dette i stillingsbeskrivinga si. For å få begrensa politimynde må utmarksoppsynet ha kurs, og det er planlagt at nyttilsett og dagleg leiar hjå Hemsedal utmarksservice skal ta dette. Utmarksoppsyn vil då vera på plass til barmarksesongen 2017.

Hemsedal er ein turistkommune og vi brukar aktivt Hemsedal sin flotte natur og utmark i marknadsføring av kommunen. Vi ynskjer utvikling og auke i turismen og at gjestane våre er aktive og nyttar naturen. Vi legg til rette med stigar og tiltak som t.d. «Topp 20» noko som leidar svært mange ut i marka, mange også med hund. Det er viktig at ein ved å utvide bandtvangen til 31. oktober tek omsyn til dei som brukar den same naturen og ressursane til husdyrhald og matproduksjon, og at bufe kan ferdast trygt i forhold til vår bruk av naturen og vårt hundehald og ikkje vert skadelidande. Det har vore fleire uheldige episodar på inngjerda beitemark, også nede i bygda. Dette er sau som er sankt ned frå fjellet. Desse episodane syner at det er viktig med bandtvang til størstedelen av bufeet har kome i hus, noko som vil vera tilfelle 31. oktober

Kommunen vil med bakgrunn vurderinga over, ynskje om endring av bandtvangreglar frå beitenæringa og Hemsedal utmarksservice, samt innkomne høyringsuttaler tilrå fylgjande endring:

Det vert tilrådd å endre lokal forskrift §2 til at utvida bandtvang grunna dyr på beite vert endra til å gjelde f.o.m. 21 august t.o.m. 31. oktober. For å ha ei presis forskrift som er lett og forhalde seg til og som ikkje skaper rom for diskusjon om kvar forskrifta er gjeldande vert utvidinga gjeldande for heile kommunen. Eit skilje med bandtvang på innmarksbeiter der dyr faktisk beitar og ikkje i utmark vil vera vanskeleg å definere geografisk og vanskeleg å forhalde seg til både for hundeeigaren og dei som skal ha oppsyn med forskrifta. Når utvidinga gjeld heile kommunen vil ein også ivareta dyr på utmarksbeite som enno ikkje er funne.

Det kan også opplystast at Hemsedal kommune si forskrift om bandtvang som var gjeldande frå 1985 og fram til 2007 med heimel i beitelova, hadde bandtvang frå 1. april til 25. oktober.

Det vert tilrådd å endre lokal forskrift §3 til at det er bandtvang i alle tråkkemaskin-preparerte skiløyper i tidsrommet f.o.m. 24. desember t.o.m. 2 januar, f.o.m. 20. februar

t.o.m. 10. mars (vinterferieveker 8, 9 og 10)) og t.o.m. laurdag før palmesundag t.o.m. 2. påskedag (jul, vinterferieveker og påske). Hemsedal kommune har bandtvang i skianlegget i Totteskogen og 1,2,3,5 og 8 km løypene på Gravset heile skisesongen.

Grunngjevinga for endringa er at det i dei mest brukte løypene og i feriane då løypenettet er mest brukt vert teke omsyn til folk i løypenettet. Å angi med dato og ikkje berre «vinterferie» gjer regelverket klart. Endringa i forskrifta gjer også forskrifta er heilt klar og lett å forhalde seg til for den som nyttar løypenettet med hund.

Høgfjellsløypene (Holdeskaret, Vavatn, Hundsem m.fl) vil etter endringa ha bandtvang i feriar som resten av kommunen. At Ål kommune har bandtvang i Holdeskaret ved at det er innført bandtvang alle skiløyper i kommunen heile sesongen vert ikkje gjort førande for løypa som ligg i Hemsedal.

Etter kommunalt vedtak skal lokale forskrifter etter forvaltningsloven § 38 kunngjerast i Norsk Lovtidend. Frå kunngjeringsdato vil forskriftene – i likhet med alle andre gjeldande norske lover og forskrifter – vera fritt tilgjengeleg på Lovdatas internetbase (http: www.lovdata.no)

Rådmannen si innstilling:

Hemsedal vilt- og innlandsfiskenemnd tilrår Hemsedal kommunestyre å vedta fylgjande lokal forskrift om hundehald:

§ 1. Virkeområde og definisjon

Denne forskrift omfattar hundehald i Hemsedal kommune. Forskrifta supplerer avgjerder gjeve i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven), og må sjåast i samanheng med denne.

Med bandtvang er det i denne forskrifta meint at hundehaldar skal halde hunden i fysisk band eller forsvarleg inngjerda eller avstengd.

§ 2. Utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite

I Hemsedal kommune er det, i tillegg til ordinær bandtvang f.o.m. 1. april t.o.m. 20. august, utvida bandtvang av omsyn til beitande husdyr i tida f.o.m. 21. august t.o.m. 31. oktober. Utvida bandtvang gjeld heile kommunen.

§ 3. Bandtvang i område av omsyn til menneske

Hemsedal kommune har bandtvang i skianlegget i Totteskogen og 750 m, 1,2,3,5 og 8 km løypene på Gravset heile skisesongen.

Hemsedal kommune har også bandtvang i alle tråkkemaskinpreparerte skiløyper i jul, vinterferie og påske. Bandtvang vert då gjeldande i tidsrommet f.o.m. 24. desember t.o.m. 2. januar, i vinterferieveker f.o.m. 20. februar t.o.m. 10. mars og laurdag før palmesundag t.o.m. 2. påskedag. Dersom hund er med skal hunden ikkje vera til hinder for andre brukarar.

Det er bandtvang heile året i tettstader, område med bustad, område regulert til offentleg formål, på kyrkjegardar og tilrettelagte friluftsområde.

§ 4. Avgjerder om ro og hygiene

I tettbygde strøk skal hund verte passa utandørs, slik at den ikkje forstyrrar nabolaget med vedvarande støy.

Hundehaldar pliktar å fjerne avføring som hunden legg att i tettbygd strøk, langs offentleg veg, idrettsanlegg, skiløype og tilrettelagt friluftsområde, eller i andre område som er tilgjengeleg for allmenn ferdsel i tettbygd strøk.

§ 5. Område der hundar ikkje har eller har avgrensa tilgang

Hundar har ikkje tilgang til barnehagar eller skuleområde utan avtale mellom hundeførar og den ansvarlege for skule eller barnehage.

Dette punktet omfattar ikkje tenestehund, førarhund for blinde eller svaksynte.

§ 6. Dispensasjon

Etter søknad kan kommunen dispensere frå bandtvangsavgjerder gitt i hundelova eller denne forskrifta.

§ 7. Straff

Brot på avgjerdene i denne forskrifta er straffbart og kan straffast etter § 28 i hundelova.

§ 8. Iverksetjing

Denne forskrift gjeld frå xx.xx 2016